

Fylkesstyremøte Vestland – 2022

Fredag 25.11. kl. 09.00

Protokoll



Sakskart til fylkestyret sitt styremøte 25.11.22:

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	4
2022.02 Referatsaker	4
2022.03 Styrearbeid	4
2022.04 Politisk arbeid	4
2022.05 Utviklingsområda	5

Til stades frå fylkesstyret:

konstituert styreleiar Grete Berntzen

styremedlem Trude Skarvatun

styremedlem Øystein Røsseland Kvinge (gjekk kl.13.15 etter handsaming av sakene 2022.01, 2022.03 pkt.1, 2022.05)

styremedlem Kåre Martin Kleppe

1. varamedlem Kirill Zimin

Til stades frå administrasjonen:

rådgjevar Kristin Geiring

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Vedtak:

Innkalling og sakskart godkjennast.

2022.02 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

2022.03 Styrearbeid

Vedtak:

1. Styremøteplan 2023 vert lagt på Kulturskolerådet si nettside under fylkesavdeling Vestland.
2. Fylkesrådgjevar følgjer opp tema fastsett til årsmøtekonferansen. KS Vestland vert invitert som samarbeidsarrangør av årsmøtekonferansen.
3. Styret si eigenevaluering utsett til 2023.

2022.04 Politisk arbeid

Vedtak:

1. Politisk dialog vert ivareteken i fylkesarbeidet. Møte med stortingsbenkane vert sett opp som tiltak etter stortingsvalet, ut ifrå vedtak i hovudstyret eller ved behov.
2. Debatt i Vestland med fokus på kulturskulen vert vurdert i samanheng med andre arrangement. Fylkesavdelinga kan invitere partier til nettmøte 20 min. med fokus på programinnspel utsendt frå Norsk kulturskoleråd via fylkesavdelinga.
3. Oppfølging av høyringsinnspelet til [regional kulturplan](#) og endeleg plan, som vert lagt fram til vedtak i fylkestinget 14/15 mars 2023.
4. Bergensalliansen og «Interkommunalt samarbeid om kulturskulen» vert fulgt opp. Resultat frå dialog med kommunane i alliansen og arbeidet i utvalet vert rapportert til fylkestyret.
5. Fylkesrådgjevar og fylkestyret held dialogen administrativt og politisk med KS og inviterer til møter

ved behov.

6.

Hovudstyremøte 2022-04: Frå fylkesstyret i Vestland stiller styremedlem Kåre Martin Kleppe.

7.

Det vert formulert eit støtteskriv til Fakultet for kunst, musikk og design ved Griegakademiet i høve motteke e-post frå dei vedrørande nye lokaler for Griegakademiet, KMD/UiB.

2022.05 Utviklingsområda

Vedtak:

Fylkesstyret arbeider vidare med utviklingsplan for vedtekne utviklingsområder på årsmøtet 2021 i Norsk kulturskoleråd Vestland. Vedtak i saka vert gjort på styremøte 2023-01.